

På [www.firdaposten.no](http://www.firdaposten.no)

- BILDE: Sjå bildeserie frå det nye politihuset
- BILDE: Sjå bildeserie frå KM i Florø
- BILDE: Sjå bildeserie frå Paris-reportasje



Inviterer  
til pilates-  
kurs

Side 17



kystavisa

TYSDAG

25. november 2008

• Nr. 137 • Veke 48 • 61. årgang • Kr 15,-

# Firdaposten

## Florø får Nordsteam

■ Veteranbåtfest under byjubileet i 2010



### Heimen blir jamna med jorda

– Det verste er følelsen av å ikkje vite kva som skjer, eg er fortvila, seier Irlin Engebø (17). Blir det steinbrot på Engebøfjellet må ho og faren, Reidar Engebø, pent finne seg ein ny stad å bu.

Side 4–5

### Politihuset fullt innan juletider

Det nye politihuset i Stranda har for lengst tatt form. No er det ei yrande maurtue av fagfolk som held på med finpussen før politiet, Kriminalomsorgen og Alarmsentralen rykker inn.

Side 8

### Skal lære bort dei gode knepa

Side 10



**FÅR FULL STØTTE:** Ordfører Bente Frøyen Steindal lovar støtte og draghjelp til Nordsteam 2010, som blir ein viktig del av Florø sitt byjubileum. Her saman med Hallgeir Helland frå Florø Hamn, Sander Ødelien (Atløyts venner) og Øyvind Konglevoll frå veteranskipsmiljøet i Bergen.

Foto: Dag Frøyen

Florø blir vertsby for den nordiske veteranbåtfesten Nordsteam sommaren 2010.– Målet er ein nyrestaurert «Stavenes» i front for 30 andre veteranskip inn på vika i Florø første helga i juli, seier Øyvind Konglevoll i Norsk veteranskipssklubb.

Les meir om båtfesten på side 11

### EIN BETRE START PÅ DAGEN

Varm kupé, isfrie ruter, varm motor og fulladdt batteri, meir komfort, lettare start og mindre bensinforbruk

**DEFA WarmUp**

Defa motorvarmar

2690,-

ferdig montert

Defa motorvarmar + kupervarmar

3995,-

ferdig montert

Defa WarmUp komplett pakke med trådløus styring og kupervarmar

7998,-

ferdig montert

Ring og bestill time i dag! Tilbodet gjeld Audi, Skoda og VW

**Berge & Co AS**

Ferde 24 03 18 00 • Fløe 57 74 22 40 • Sogndal 57 67 57 00  
Styn 57 87 20 00 • Måløy 57 84 80 08  
[www.berge.no](http://www.berge.no)

REGISSØREN BAK BRÆD BÅND  
PRESENTERER

## NITTINI KRONER

"HEILT SJUKT BRA" SAJEMAGASINET  
"KUN 99,- I MÅNADEN I 3 MND." ENIVEST

"ALLE KUNDAR FÅR TRÅDLAUST MODEM" ENIVEST

"KUN KR 99,- PR. MND. I TRE MÅNADER, EIT TILBOD EIN IKKJE KAN GÅ GLIPP AV" ENIVEST

ORDINÆRE PRISAR FRÅ KR 298,- PR. MND. PRIS FØRSTE ÅR FRÅ 3408,- DETTE GJELD NYE DSL KUNDAR

**enivest**

### Har du vore uheldig?

Fyll ut skademelding - resten ordnar vi. Ved uhell el. skade, RING:

**Førde/Flora: 240 31 804**  
**Sogndal: 57 67 57 00**

(GJELD ALLE BILMERKER)

**Berge & Co AS**

Ferde 24 03 18 00 • Fløe 57 74 22 40 • Sogndal 57 67 57 00  
Styn 57 87 20 00 • Måløy 57 84 80 08  
[www.berge.no](http://www.berge.no)

## HUGS!

### Selkveld fredag til kl. 22.00

Julebyen opnar

**AMFI FLORØ**

Sjå avis og nett frå torsdag for gode tilbod!

# Nordsteam 2010 kan bli jomfruturen til «Stavenes»

Ein nyrestaurert D/S «Stavenes» for eigen damp i spissen for eit 30-tals veteranfartøy. Det håpar Øyvin Konglevoll blir opninga på Nordsteam i Florø.

Konglevoll er styreformann i laget som no har blåse liv att i dei

mangeårige restaureringsforsøka på fjordadamparen «Stavenes».

– No skjer det meir enn på lenge. Med skroget er mykje gjort, og båten ligg no ved restaureringsverftet i Dåfjorden, der «Atloy» nyleg blei bygd om. Vi har ei dampmaskin ståande i Sandnessjøen, og neste prosjekt

er å få denne på plass, seier Konglevoll.

Han trur det er realistisk at den første bilførande fjordabåten nokosinne, kan bli klar til sommaren 2010.

– Riksantikvaren løyvde pengar i fjor, vi har tilsegn om ytterlegare løyvingar for neste år, og signala går på at det endeleg er

«Stavenes» sin tur, seier han.

– Og sjølv om det er bergensarar som no har gripe prosjektet, er ikkje Konglevoll i tvil om kvar båten skal «bu».

– Den skal tilhøyre Sogn og Fjordane og må ha base der, slår han fast.



## D/S «STAVENES»

■ Blei bygd i 1904 ved Bergen Mek. Verksted. 111 fot lang, 20 fot brei. Bruttotonnasje 187 tonn.

■ Tinga av dåverande direktør for Nordre Bergenshus Amts Dampskibe, Christian Michelsen.

■ Har i dag status frå Riksantikvaren som verneverdig fartøy, til liks med t.d. «Atloy».

■ Gjekk i fjordafart fleire stader, mykje på Sognefjorden. Spelte ei viktig rolle i samband med Norsk Hydro si industrireise i Årdal og Høyanger.

■ Blei bygd om 1934, og kunne då som den første fjordabåten frakte bilar. Kunne frakta 7-8 bilar på ruta som gjekk frå Vadheim til Lærdal.

■ Vart henta heim til Sogn frå Liverpool i 1991, men restaureringsarbeidet stoppa opp. Hausten 2007 tok veteran skipsmiljøet i Bergen tak i prosjektet, og no pågår arbeidet for fullt.

■ Den siste FSF-damparen som framleis eksisterer.

■ Total restaurering er rekna til om lag ti millionar kroner.

# – Dette fiksar Florø

**FLORØ:** Veteranbåtgeneral Øyvin Konglevoll er sikker i si sak: «Atloy» sin heimby kjem til å arrangere eit Nordsteam vi vil hugse lenge etter 2010.

SVEND ARNE VEE  
svend@firdaposten.no

Forste helga i juli 2010 vil rundt 30 veteranfartøy, norske, svenske og kanskje danske, toffe stolt inn på Florevika og klappe til kai i sentrum. Veteranskipsklubbar i Norge, Sverige og Danmark har peika ut sin minste arrangørby til no for stormønstringa Nordsteam, som samlar gamle og verneverdige fartøy til båttest med ujamne mellomrom.

## På heimebane

– Vel er Florø mindre enn Bergen, Stavanger og Göteborg. Men småbyar kan ta eigarskap til ein slik båttest, ofte betre enn ein storby, og gjere det til noko svært spennande. Her snakkar vi om Fylkesbaatane sin base, og om «Atloy» sin heimby, og eg er sikker i mi sak på at dette vil Florø gjere til ei festhelg for alle båtinteresserte i heile Sogn og Fjordane, seier Konglevoll, som i går var i Florø og informerte den politiske leiinga om avgjerda.

– Og responsen både frå politikarar, hamneleing og arrangør-



**MYKJE STEAM OG RØRE:** Florø blir arrangør av Nordsteam i 2010. Her frå mønstringa i Bergen for tre år sidan. Arkivfoto: Magnus Helge Torvanger

rane for Florø sitt 150-årsjubileum er svært god. Det blir Atloys Venner som blir vertskap, og Sander Ødelien ser audmjukt på oppgåva.

## Håpar på draghjelp

– Dette blir sjølvsagt eit stort løft for oss. Men vi tek utfordringa og håpar lokalt næringsliv og andre gode krefter vil hjelpe oss, seier

han. Nordsteam i Florø vil gå over ei langhelg, der folk kan få studere dei flotte fartøya, bli med på dagsturar, og delta på ulike kulturarrangement i byen. Ein legg også opp til veteranbilutstillingar. Båtfesten har eit uvanleg godt tak på publikum.

## Over 100.000 i Bergen

– Då båtane kom inn på Vågen i

Bergen under Nordsteam i 2005, møtte over 100.000 menneske opp for å helse dei velkomne. Også i 2000 var Nordsteam lagt til Bergen, og det var den største publikumstrekkaren under kulturbyåret, fortel Konglevoll.

Også i Stavanger i sommar gjekk folk mann av huse for å sjå dei flytande klenodia.

## NORDSTEAM

■ Nordens største veteranbåttømme, første gong arrangert i Oslo i 1980.

■ Samlar vanlegvis mellom 30 og 60 fartøy, dei eldste frå 1800-talet, og dei nyaste frå 1960-åra.

■ Har vore arrangert i København, Göteborg, Bergen, Tønsberg, Oslo og Stavanger.

■ Hovudtyngda av deltakar-fartøy kjem frå Vestlandet (Stavanger-Trondheim).

■ Nordsteam 2005 i Bergen trekte over 100.000 besøkande og hadde eit budsjett på over to millionar kroner.

# Kjøpte Man U-drakt for 21 500 kroner

Torstein «Cantona» Moe frå Florø bydde høgast på ei signert drakt av Ryan Giggs.

Høvet var ein auksjon der Giggs gav alle pengane som kom inn til UNICEF.

UNICEF-ambassadøren Ryan Giggs kom til Norge og supporterane til førre helg.

Supporterane viste si takk-semd med å by og kjøpe lodd til inntekt for UNICEF. Det gav nesten 100 000 til å bygge skular i Afrika.

– Det er eit fantastisk resultat sett i lys av finanskrisa. Men kjærleiken til Manchester United overvinn alt, og no får også mange barn i Afrika merke at den også kjem til å endre kvardagen deira, seier Kjersti Fløgstad, generalsekretær i UNICEF Norge. Pengane går til å gje barn i Afrika skulegang.



**NØGD:** Torstein Cantona Moe (t.h.) held fotballskjorta han har kjøpt av Ryan Giggs.

**I DAG TIRSDAG**

**JULEPREMIERE!**

**ALLE VARER I HELE BUTIKKEN**

**1/2 PRIS**

Gjelder alle varer, kun 25. november  
Rabatten trekkes fra i kassen

**DRESS MANN**

ALLTID VELKLEDD